



DET KONGELIGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

## Rundskriv

---

Utlendingsdirektoratet

Nr.  
GI-01/2021

Vår ref  
21/2250

Dato  
14.04.2021

### **Instruks GI-01/2021 – dispensasjon frå plikt til å levere opphaldskort ved fornying mv.**

#### **1. Innleiing**

Justis- og beredskapsdepartementet viser til departementet sin alminnelige instruksjonsadgang samt lov 15. mai 2008 nr. 35 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingslova) § 76 andre ledd, som inneber at departementet kan gje Utlendingsdirektoratet (UDI) generelle instruksar om lovtolkning, skjønnsutøving og prioritering av saker. Vi viser vidare til UDI sitt praksisframlegg av 13. april 2021.

#### **2. Praksisframlegget**

UDI tilrår at departementet gjev ein mellombels instruks om at UDI kan gje dispensasjon frå utlendingar si plikt til å levere tilbake gamalt opphaldskort ved fornying av opphaldskort, jf. utlendingsforskrifta § 12-18. Plikta gjeld tilsvarande for opphaldskort som nemnt i §§ 19-23 og 19-24. Utlendingar som får slik dispensasjon, bør også få fritak for gebyret som elles ville følgje av manglande innlevering ved fornying, jf. utlendingsforskrifta § 17-11 a.

Grunngjevinga for framlegget er at det frå 16. april 2021 vil bli teke fingeravtrykk av alle som søker opphaldsløyve i Noreg. Det vil ikkje lenger vere naudsynt med personleg frammøte for å avgi fingeravtrykk for fornying av opphaldskort, då biometri skal gjenbrukast til dette føremålet. Det vil vere ein stor fordel for både utlendingsforvaltninga og utlendingen å gå bort frå personleg oppmøte ved fornying av opphaldskort. Følgjeleg er det svært uheldig om utlendingen må møte opp utelukkande for å levere det gamle kortet. Etter UDI si vurdering vil det ha «store positive økonomiske og administrative konsekvensar» å gje dispensasjon frå kravet om innlevering. UDI har vurdert om det kan vere eit alternativ at utlendingen *sender* tilbake

gamalt opphaldskort, men meiner det vil innebere «flere usikkerhetsmomenter og praktiske utfordringer og fører til store administrative kostnader».

UDI og Politidirektoratet har vurdert risikoen ved at gamle opphaldskort ikkje lenger skal leverast inn, men makulerast av utlendingen sjølv. Risikoen for misbruk vert vurdert som liten. UDI peiker på at kortet vil vere utløpt eller nær utløpsdato, vert registrert som ugyldig og har avgrensa bruksområde. Vidare er det heller ikkje i dag mogleg å føre kontroll med at utlendingar ikkje lånar bort eller gir bort opphaldskort.

### **3. Departementet si vurdering**

Departementet samtykker i UDI sitt framlegg om å kunne gje dispensasjon frå plikta til å levere tilbake opphaldskort ved fornying, og frå plikta til å betale gebyr som følgje av manglande tilbakelevering. Dette vil gjelde tilfelle der det elles ikkje er naudsynt med oppmøte for opptak av biometri.

Opptak av biometri ved søknad, og kontroll ved innreise, styrkjer ID-kontrollen. Samstundes er det ønskjeleg å effektivisere forvaltninga og redusere talet på etterfølgjande personlege oppmøte.

Departementet legg til grunn at det vil ha vesentlege positive effektar å gå bort frå personleg oppmøte ved fornying av opphaldskort for utlendingar som allereie har avgitt biometri. Det framstår uforholdsmessig ressurskrevande å oppretthalde personleg oppmøte utelukkande for levering av gammalt opphaldskort. Departementet har, i lys av UDI og POD sine vurderingar, konkludert med at det ikkje medfører stor risiko for misbruk at gamle kort ikkje lenger skal leverast tilbake.

Departementet vil kome attende til saka med ei vurdering av å endre dei aktuelle forskriftsreglane. Instruksen gjeld inntil vidare.

### **4. Instruks**

UDI kan gje dispensasjon frå plikta til å levere tilbake gammalt opphaldskort ved fornying, jf. utlendingsforskrifta §§ 12-18, 19-23 og 19-24. Ein utlending som får slik dispensasjon, skal heller ikkje betale gebyr som følgje av manglande innlevering, jf. § 17-11 a.

### **5. Ikraftsetting**

Instruksen trer i kraft straks.

Med helsing

Siri Johnsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Sigurd Bordvik  
seniorrådgjevar

Kopi:

Politidirektoratet  
Utenriksdepartementet  
Utlendingsnemnda